



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 21.12.2018  
Vår ref: 12/01084-27  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Sætredalen masseuttag i Giske kommune. Tiltakshavar: Gjøsund Maskinlag AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** mail@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBNOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til  
søknad om driftskonsesjon datert 03.12.2012 fra Gjøsund Maskinlag AS med org.nr.  
947 590 073.

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

Gjøsund Maskinlag AS med org.nr. 947 590 073, heretter kalla «Tiltakshavar» eller  
«Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttag av mineralske ressursar i Sætredalen  
masseuttag på del av eide domen gnr./bnr. 189/8 i Giske kommune.  
Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 26 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan «Reguleringsplan for Sætredalen» av 27.11.2001 med plan-ID  
2001005 er området regulert til «Masseyttak/Trial».

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeve i medhald av minerallova ikkje  
erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsejon etter annan lovgjeving.  
Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF  
godkjenne dette på førehånd.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 740 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 300 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoén på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 2
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande, vedlegg 3
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 4

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4. Anna vilkår**

Konsesjonsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget, slik at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

### Vilkår knyttet til naturmangfald:

Tiltakshavar påleggjast følgjande vilkår knyttet til vedtakets punkt 5.7 om naturmangfald:

- Massar som blir tilført skal ikkje innehalde frø eller plantedelar av framande, skadelege organismar.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Sætredalen masseuttak i Giske kommune. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, sjå vedlegg 5.

## **4. Høyringsfråsegnar med kommentarar frå DMF**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Giske kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen Region midt og andre rørte partar.

Høyringsperioden var frå 07.09.2018 til 05.10.2018.

DMF har motteke høyringsfråsegn frå Arne Vadseth, Statens vegvesen Region midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Arne Vadseth

Ein attgjeving av vesentlege delar av Arne Vadseth sitt høyringsfråsegn:

«Undertegnede er eier av de nærmeste eiendommer i nord for feltet, **189/156 og 189/165**.

Gjøsund Maskinlag as har fra tidligere tillatelse påtatt seg å opparbeide gangvei og sykkelsti på nord-vestre side av GLOPVEGEN, utenfor ny bro for gangveien rundt fjellet. Det samme gjelder opparbeidelse av en regulert parkeringsplass på tomt 189/206.

Maskinlaget har nå lagt en midlertidig gang/sykkelvei i form av en stenfylling over nevnte eiendommer tilhørende meg. Parkeringsplassen er ikke påbegynt som avtalt.

**Før tillatelse blir gitt for videre driftskonsesjon/masseuttak ber jeg om at Gjøsund Maskinlag A/S gir undertegnede en rimelig, tidsbestemt framdriftsplan for ferdigstillelse av den allerede avtalte, regulert gang-sykkelvei og regulert parkeringsplass.»**

DMF sin kommentar

*DMF tar Vadseth sitt høyringsfråsegn til etterretning, og har sendt dette over til Tiltakshavarforkommentar:*

«Svar på deres spørsmål vedr veg og gangveg ved innkjøring Sætredal masseuttak. Gjøsund Maskinlag AS fikk omregulert tiltenkt parkering for turfolket, p.plass vart redusert i størrelse og flytta nokre meter mot nord. Det blir da også mindre inngrep i arealet til 189/156. Samtidig vart det innregulert tilkomst til omtalte bruk. Kart vedlagt.

*Gangvegen vart midlertidig opparbeida, og fungerte i anleggstida vedr ny gangbru og ny veg inn i bruddet vart bygd. Det er no avsatt tid og maskin for å opparbeide gangvegen, parkering og avkjørsle til b.156. Arbeidet skal vere igang i uke 49. som er 3-7.des.2018. Sender i dag også svar og info på epost til Arne Vadseth som er grunneiger av 189/156 .»*

*DMF påpekar at nemnde tiltak ligg utafor konsesjonsområdet, og at avtalene ikkje er avgjerande om det skal gis konsesjon eller ikkje.*

Statens vegvesen Region midt

Statens vegvesen har ikkje merknader til tiltaket.

DMF sin kommentar

*DMF tar Statens vegvesen sitt høyringsfråsegn til etterretning.*

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ein attgjeving av vesentlege delar av fylkeskommunen sitt høyringsfråsegn:



«Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

#### **Planfaglege merknader**

Vi føreset at uttaket skjer i samsvar med den vedtekne reguleringsplanen og driftsplanen for verksemda.

**Automatisk freda kulturminne** Vi har ingen merknad til utvidinga av massetak og vidare drift, men like nordaust for masseutaket ligger det ei automatisk freda gravrøys ID nr. 16159. Denne gravrøysa ligg svært nært vegkrysset mellom Glopvegen og Sætrevegen. Ein har her fått ein uheldig situasjon der vegkoplinga er lagt tett inn mot gravminnet, slik at ein ved utviding av vegkrysset har gjort inngrep inne i den automatisk freda sikringssona til kulturminnet. I søknad om driftskonsesjon står det at massetaket nå har fått ny tilkomst med industriveg fram til uttaket under ny bru/kulvert forturveg. Vi ber om at opparbeidd tilkomstveg som koplar Glopvegen og Sætrevegen blir fjerna slik at området blir tilbakeført til sitt opphavlege. Tilbakeføringa må skje på ein varsam måte og i samråd med oss.

#### **KONKLUSJON**

Tilbakeføring av tilkomstveg i sikringssona til kulturminnet må gjerast i samråd med kulturavdelinga hos fylkeskommunen.»

#### DMF sin kommentar

*DMF har sendt over fylkeskommunen sitt høyringsfråsegn til Tiltakshavarfor kommentar:*

*«Spørsmål om reg.forminne nord for uttaket, så ligger det avskjermet mellom gammelt veikryss og skogkant. Kulturkontoret i Giske har i 2018 rydda området for buskas og sikra forminnet. Frå forminnet og nordover er det en gammel parkeringområde for badelassen Kvennhusvika. Denne mulighet forekstra parkering meiner oss kan ligge som den er, da området ikkje kan brukes til anna. Vegen/veikrysset ved forminnet trafikeres i dag i hovedsak av folk som skal gå tur bak fjellet. All anleggstrafikk bruker nyvegen til og frå uttaket.»*

*DMF vil minna om at området ligg utafor konsesjonsområdet. En eventuell tilbakeføring av tilkomstvegen må rettast til kommunen som er planmyndigheit.*

#### Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Ein attgjeving av vesentlege delar av Fylkesmannen sitt høyringsfråsegn:

«Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

#### **Bakgrunn**

Søknad om driftskonsesjon for Sætredalen masseuttak på gnr. 189 bnr. 8, er på høyring. Omsøkt område er om lag 26 daa. Av søknaden går det fram at



førekomsten består av morenemassar med stor innblanding av stein, som hovudsakleg skal nyttast til usortert sprengstein/pukk/grus.

Uttaksområdet er regulert i Reguleringsplan for Sætredalen frå 2001. Arealbruken samsvarar med kommuneplanens arealdel.

#### **Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:**

*Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)*

Det går fram av søknaden at det skal etablerast jordvollar i samband med drifta samt tilbakefyllast overskotsmasse ved ferdigstilling av uttaksområdet. Vi går ut i frå at det i periodar også er aktuelt med mellomlagring av ulike jord- og lausmassar området. Når massar vert frakta inn i uttaksområdet vil det vere risiko for spreiing av framande artar. Det må difor stillast vilkår til konsesjonen om at massar som blir tilført ikkje skal innehalde frø eller plantedelar av framande, skadelege organismar.

Jf. *Forskrift om framande organismar § 18*, skal den som sett i verk tiltak som kan føre til utilsikta spreiing av framande organismar i miljøet opptre med aktsemd for å hindre at aktiviteten medfører negative følgjer for det biologiske mangfaldet. Ein skal mellom anna ha kunnskap om kva for risiko for negative følgjer aktiviteten og dei aktuelle organismane kan medføre og om kva tiltak som må gjerast for å førebygge slike følgjer. Det skal også settast i verk førebyggande tiltak for å hindre at aktiviteten gir negative følgjer for det biologiske mangfaldet og for raskt å avdekke utilsikta spreiing av framande organismar.

#### *Forureining og støy*

Jf. søknaden går det fram at aktiviteten i uttaket vil vere relativt avgrensa. Det ser mellom anna ikkje ut for at ein legg opp til knusing i uttaksområdet. Når det gjeld produksjon av pukk, grus, sand og singel gjer fylkesmannen likevel merksam på krava som går fram av *Forureiningsforskrifta*, kap. 30. For den omsøkte uttaksaktiviteten rår vi til at ein særleg vurderer §30-6 (utslepp til vatn og eventuelt behov for sedimenteringsbasseng), §30-7 (støy) og §30-8 (rammer for sprenging).

#### **Konklusjon**

Fylkesmannen ber om at det i konsesjonen vert stilt vilkår om forsvarleg handtering av jord- og lausmassar for å hindre spreiing av framande artar, jf. *Forskrift om framande organismar §18*. Vidare rår vi til at pågåande og planlagt aktivitet i uttaksområdet vert vurdert i forhold til regelverket som går fram av *Forureiningsforskrifta* kap. §30.»

#### DMF sin kommentar

*DMF gjer Tiltakshavar merksam på Fylkesmannen sitt høyringsfråsegn kva angår forureining og støy. DMF føreset at Tiltakshavar driv i samsvar med gjeldande regelverk, herunder forureiningsforskrifta kap. 30.*

*Når det gjeld krav om at massar som blir tilført ikkje skal innehalde frø eller plantedelar av framande, skadelege organismar, er dette tatt inn som et eige vilkår for konsesjonen. Se vedtakets punkt 2.4 og 5.7.*



*Ut over dette tek DMF Fylkesmannen sitt høyringsfråsegn til etterretning.*

## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1. Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er sjølv grunneigar for konsesjonsområdet. Etter grunnboka er Tiltakshavaren heimelshavar til eideomen der konsesjonsområdet ligg. Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten.

### **5.2. Arealmessig status for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 26 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan «Reguleringsplan for Sætredalen» av 27.11.2001 med plan-ID 2001005 er området regulert til «Masseuttak/Trial».

### **5.3. Økonomien i prosjektet**

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar. DMF har vidare gjort ei vurdering av bedriftas noverande økonomiske tilhøve. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedifta som økonomisk skikka.

### **5.4. Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av tiltaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.



I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 26 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 250 000 – 300 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er om lag 15 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i ein etappe. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Sætredalen masseuttak i Giske kommune, godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjøre endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5. Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6. Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten**

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Terje Gjøsund som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskriftena.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.



## **5.7. Dei miljømessige konsekvensane av utvinning**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne, og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre kulturminne og miljøomsyn.

Det finst ein reguleringsplan for uttaket.

### *Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 23.01.2018) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søkeren. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

### *Oppsummering av kjennskapsgrunnlaget*

DMF har ikkje gjort funn av prioriterte eller trua arter, eller utvalde eller trua naturtypar i konsesjonsområdet.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

### *Naturmangfaldlova § 10*

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. Uttaksområdet er omkransa av veger, sjø, fjell og busetnad. DMF vurderer at arealbeslaget i stor grad allereie er gjort i samband med tidlegare aktivitet. Massetaket fører med seg anleggsaktivitet så lenge uttaket er i gang. Veger og busetnad vurderast å bidra til den samla belastninga.

### *Konsekvensar av tiltaket for kulturminner*

Kulturminne er handsama som eit eige tema i planskildringa. DMF støttar seg til dei vurderingane som bleigjorde i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at omsynet til kulturminne er sikra. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

### *Forureining*

Massetaket kan føre til partikkelflukt til vann og luft, med potensiale for påverking av vann- og luftmiljø. Effektane på vassdrag kan være tilslamming og generelt forverra vannkvalitet. Avrenning til vassdrag fell inn under kapittel 30 i forureiningsforskrifta. DMF minner om meldeplikten til forureiningsmyndigheten, Fylkesmannen, ved oppstart eller endringar/utviding av virksomheten.

### *DMF sin konklusjon*

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon. Likevel har vi funne grunn til å setje desse vilkåra:

- Massar som blir tilført skal ikkje innehalde frø eller plantedelar av framande, skadelege organismar.



Det er tiltakshavaren som skal bere kostnadene ved tiltaka etter naturmangfaldlova §§ 11-12.

#### **5.8. Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr. Heile uttaket er sikra med eit 2 meter høgt gjerde og kjøreveg er avsperra etter arbeidstid.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

#### **5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga:

sand, grus, pukk og leire (byggjerastoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg. Førekomsten på Sætredalen består av gneis, samt grus- og morenemassar.

Uttaket vil bidra til å halde oppe sysselsetjinga i distriktet. Drifta kan òg ha ein positiv verknad ved å gje opphav til eller sikre eksistensen til anna næringsverksemd, eller ved at råstoffet kan vere ein strategisk innsatsfaktor i anna verksemd.

#### **5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

I driftsplana blir det beskrive at pallveggene ved avslutting skal bli fylt igjen med skråning med etablering av trinn. Permanent skråning vil ha ei helling på om lag 1:1,5 og det leggjast til rette for naturleg vegetering. Uttaket vil vere sikra med permanent gjerde når uttaket er avslutta. Etterbruken for heile området er uavklart inntil vidare.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

#### **5.11. Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavar har foreslått å stille NOK 300 000 i økonomisk sikkerheit totalt og at det setjast av NOK 3,00 per tonn for selt utkjørt masse. Tiltakshavar beskriv i driftsplana at uttaket skal setjast i stand fortløpande.

##### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.



Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 740 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på: kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har også lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarende uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader. DMF legg til grunn i berekninga at størrelsen på den økonomiske sikkerheita må dekke kostnadane ved å engasjere tredjepart for gjennomføring av tiltak for avslutting ved ein eventuell konkurs eller tvangsavslutning. DMF. Eit antatt opent areal på 20 dekar ligg til grunn for vurderinga.

#### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperrat til fordel for DMF.

#### *Bankgaranti – oppstartsfasen*

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket bleigjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 300 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 300 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 300 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

#### *Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga*

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 740 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 1,52 årleg per tonn utteken masse.



Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 12 år, det vil seie NOK 61 667 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 40 500 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 1,52 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

### **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

### **7. Plikter for tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.



### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi vike før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til:

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomensten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar. Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmere informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Maria Lauritzen  
sekjonsleder

Odd-Arne Eidsmo  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Odd-Arne Eidsmo

Vedlegg:

KONSESJONSOMRÅDE FOR SÆTREDALEN MASSEUTTAK I GISKE KOMMUNE.pdf  
AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE.docx  
PÅKRAVSGARANTI.docx  
PANTSETTELSESERKLÆRING FOR ENKLE PENGEKRAV.docx  
GODKJENT DRIFTSPLAN FOR SÆTREDALEN MASSEUTTAK I GISKE KOMMUNE.pdf

Mottakarar:

Gjøsund Maskinlag AS Skjongstranda 38 6050 VALDERØY

Kopi til:

Giske kommune	Valderhaug 4	6050 VALDERØYA
Noralf Jon Sæther	Joteigen 3	6050 VALDERØYA
Ingrid Wenche Skjøng	Gjerdet 13	6050 VALDERØYA
Bjørn Stein Skjøng	Skjongskaret 4	6050 VALDERØYA
Lars Idar Skjøng	Skolevegen 65	2312 OTTESTAD
Laila D. Skjøng Nikolaisen	Skjongskaret 4	6050 VALDERØYA
Vidar Uggedal	Sætrevegen 126	6050 VALDERØYA
Marita L. Sæther Uggedal	Sætrevegen 126	6050 VALDERØYA
Nils H. Sæther	Røysvegen 68	6050 VALDERØYA
Haldor Sæther	Storskjervavegen 57 A	6050 VALDERØYA
Arne Vadseth	Stinaåsen 4	3478 NÆRSNES
Oddbjørn O. Haram	Sætrevegen 100	6050 VALDERØYA
Bjørg Gunnvor Sæther	Sætrevegen 116	6050 VALDERØYA
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404 MOLDE
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404 MOLDE